

Til
Det kongelige Utdannings-og forskningsdepartement.

Uttale Forskrift til Folkehøgskulelova.

Styret for Sogndal Folkehøgskule viser til "Høring forskrift til folkehøgskuleloven", datert 11.10.2005 og vil gjefølgjande uttale.

Generelt.

Styret kan sjå at det på einsskilde punkt kan vere nødvendig med presiseringar i forskrifta. Samstundes er styret oppteke av at det i folkehøgskulen ikkje må verte ein så høg grad av detaljstyring at skulane mister mulegheita til å fylle dei oppgåvene som det er brei politisk semje om .

Styret vil m.a. vise til NOU 2001:16 "Frihet til mangfold" pkt 1.3.1 der folkehøgskulen vert utfordra slik:

"Folkehøgskolen bør bidra aktivt til gjennomføring av Kompetansereformen ved å utvikle kortkurstilbud rettet mot lokalsamfunnet, arbeidslivet og grupper som har behov for fleksibel og tilrettelagt opplæring

Folkehøgskolen bør være aktiv i forhold til andre skoleslag og samfunnet for øvrig når det gjelder å fremme kunnskap om og forståelse for demokrati, det fleirkulturelle samfunnet og menneskerettigheter.

Folkehøgskolene kan være kulturelle kraftsentre gjennom å formidle møte med levende og folkelig kultur, og ved å gi elevene impulser til å bli aktive deltakere i kulturlivet."

Styret ønskjer å understreke verdien av den fridomen som folkehøgskulane må ha for å nå desse måla gjennom eit heilheitleg læringsmiljø med eit allmenndannande siktemål.

Kommentarar til dei einsskilde paragrafane.

§ 1. Ingen kommentar.

§ 2. Alternativ formulering:

e) Redusert funksjonsevne er der sykdom/skade reduserer personens funksjonsevne psykologisk, psykososialt eller fysisk.

Sogndal Folkehøgskule
Postboks 174 – 6851 Sogndal
Telefon 57 67 20 33
Telefaks 57 67 31 45

E-post: sogndal@sogndal.fhs.no
www.sogndal.fhs.no

Postgiro: 0801 5 80 84 98
Bankgiro: 3800.05.01430

§ 3. Alternativ formulering:

"Kurs som inngår i tilskuddsgrunnlaget er åpne for alle, og må være offentliggjort gjennom annonsering, kurskatalog eller på annen tilfredsstillende måte.

Folkehøgskolen kan også gjennomføre målrettede kortkurs for bestemte grupper, enten som egne kurs eller som samarbeidskurs."

Vidare som høringsnotat.

Grunngjevingt:

Det er viktig at folkehøgskolen kan tilby kurs mot grupper med spesielle behov. I lokalsamfunnet vil folkehøgskolen slik kunne være en ressurs gjennom å tilby tilrettelagt og fleksibel undervisning for m.a. utsette og/eller marginaliserte grupper. Dette innebærer ikke at kurset ikke er åpent for andre interesserte utadfor målgruppa.

§ 4. Alternativ formulering.

a) Langkurs, ingen kommentar

b) Kortkurs., 3. avsnitt:

"Kurs som har reising som del av opplegget, skal settes inn i en pedagogisk sammenheng og en del av kurset skal foregå på folkehøgskolen.

Skolens eget personale må ha minst 25 % av undervisningen på hvert enkelt kurs."

For øvrig som høringsutkastet.

Grunngjeving: Å avgrense korte kurs til Norge er eit uheldig og feil signal i høve til den tida vi lever i. Mange folkehøgskular har gode samarbeidspartnarar i andre land, ofte knytta opp mot solidaritetsprosjekt. Interkulturell kunnskap som ein folkehøgskule tileignar seg gjennom denne type arbeid bør kunne formidlast vidare gjennom eit mangfald av korte kurs utanfor Norge.

NB! Det må ei særordning til for Nordnorsk Pensjonistskole og Norsk Senter for Seniorutvikling når det gjeld prosentdelen av egne lærarkrefter.

§ 5. Alternativ formulering:

Maksimum 20 % av elevane ved en folkehøgskole kan være statsborgere av land utenfor EØS-området og Nordvest-Russland. Begrensningen gjelder kun utenlandske statsborgere som har oppholdstillatelse i utdanningsøyemed.

Grunngjeving: Talet på utanlandske elevar i folkehøgskulen er sterkt redusert. Det er ønskeleg at skolar kan auke talet.

§ 6. Ingen kommentar.

§ 7. Alternativ formulering.

"Folkehøgskolen skal rapportere elevtallet på langkurs per. 1. oktober hvert år til Utdanningsdirektoratet eller til den departementet bestemmer.

Deltidselever regnes om til heltidselever ved å dele antall kurstimer per uke på 24. Elever på kurs som går over færre enn 190 dager, regnes om til årselever etter gjeldende tabell.

Elevtallet på kortkurs rapporteres samlet per kalenderår. Bare den som har deltatt på minst 75% av kurset rapporteres. Elever på kortkurs regnes om til årselever etter gjeldende tabell. Tilskuddsberettigede kursdager skal ha minst 4 undervisningstimer. To kursdager med minst 2 timer undervisning per. dag, kan regnes om og rapporteres som en kursdag.

Rapport om kursvirksomheten skal sendes til Utdanningsdirektoratet eller til den departementet bestemmer innen de frister departementet fastsetter. Departementet fastsetter på grunnlag av disse rapporter skolenes årselevtall.

Grunngjeving:

Ein telledato er i tråd med Stortingets behandling av Lov og forskrifter.

Rapportane må sendast til departementet fordi SSB sine system ikkje på tilstrekkeleg vis fangar opp rapporteringsrutinane våre. Dette fører til mykje feil og ekstra arbeid.

I ECON-rapporten vert det problematisert at dei lange kursa subsidierer korte kurs. Det er sannsynlegvis tilfelle fordi det er langt meir arbeidskrevjande og kostnadsdrivande å planleggje, marknadsføra og gjennomføra korte kurs. Framlegget i departementet sitt høyringsutkast vil auke ei slik eventuell subsidiering.

Det er eit poeng at folkehøgskulen sine korte kurs er allmenndannande, opne og tilgjengelege for alle og ha eit prisnivå som gjer det muleg for alle å delta.

For at folkehøgskolen skal nå det skolepolitiske målet om å vere eit kulturelt kraftsenter og ressurs i lokalmiljøet er korte kurs vesentleg. Det må derfor leggjast til rette for dette ved å vidareføre dei økonomiske rammevilkåra.

§ 8. Alternativ formulering:

"Elev som på grunn av redusert funksjonsevne er avhengig av støtte og hjelp i den totale pedagogiske situasjonen, regnes som to elever. Skolen skal ha dokumentasjon fra ekstern instans for at eleven har en redusert funksjonsevne som kan utløse et særskilt tilretteleggingsbehov ved folkehøgskolen. Skolen vurderer i samarbeid med søker og sakkyndig et tilrettelagt opplegg som utløser dobbeltelling. De økte ressursene skal brukes til tiltak for den det gjelder, og det skal foreligge dokumentasjon for bruken. All dokumentasjon skal være tilgjengelig for eventuell kontroll.

På spesielle kurs for grupper av elever med redusert funksjonsevne, må skolene redegjøre for den reduserte funksjonsevnen og bruken av de ekstra ressursene.

Grunngjeving: Ein elev med dokumentert funksjonsevne treng ikkje nødvendigvis å ha dei same tilretteleggingsbehova som i tidlegare skulegang. Det er viktig, både for den einskilde elev og skulen, at dei i samarbeid kan leggje opp ein plan som møter dei faktiske behova som eleven har i ein folkehøgskulekvardag. Vi meiner derfor at ein ekstern dokumentasjon av behovet for tilrettelagt undervisning vil kunne skape

unødvendig stigmatisering av ein elev og bør sløyfast. Det er viktig at skulen dokumenterar dei tiltaka som vert sett i gang som grunnlag for dobbelteljing.

§ 9. Alternativ formulering.

"Alle skoler skal ha tilskudd fra alle tre tilskuddselementer som er fastsatt i folkehøgskoleloven §4: basistilskudd, tilskudd per elev og tilskudd til husleige. Basistilskudd gis med samme beløp til alle skolene.

Tilskudd per elev gis etter formelen: elev * relasjonstall * kronesats.

Relasjonstallet er avhengig av antall elever: opp til og med elev nr. 75 er relasjonstallet 1,7. kronebeløpet fastsettes av departementet ettr Stortingets behandling av statsbudsjettet. Grunnlaget for tilskuddsordningen er gjennomsnittlig årselevtall for de tre siste årene forut for foregående år.

Departementet fordeler tilskudd til husleie på grunnlag av innstilling fra folkehøgskolerådet.

Grunngjeving: Relasjonstalet er viktig å halde fast ved og sikriftleg nedfelt i forskriftsverket. Det gir ope og kjente rammer for eit rimeleg lærartimeforbruk på den einskilde skule og ei sikring for at tilskotet vert brukt i tråd med dette.

§ 10, 11, 12, 13, 14, 15: ingen kommentarar.

§ 16.


§ 17. Ingen kommentar.

§ 18. Dersom det vert endringar i forskriftene som vil innverke på planlagd kursverksemd må dato for ikrafttredelse ta omsyn til dette.

Uttale slutt.

Sogndal, 31.01.2006

For
Sogndal Folkehøgskule


Mai-Evy Bakken
-rektor-